

BACHELOROPPGÅVE

Foreldresamarbeid i bringe -og
hentesituasjon i barnehagen

Parental cooperation in delivery and
collection situations at nursery school

Trine Akse og Bodil Håvåg

Barnehagelærerutdanning

HVL/Sogndal/BLU

Rettleiar: Merete Nornes-Nymark

25.05.2023

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle
kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, jf. Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 12-1.

Forord

Då er vi snart i mål med fire år på høgskulen i Sogndal og Barnehagelærerutdanninga. Det har vore fire lærerike, utfordrande og kjekke år. Vi har fått nye venner som vi har hatt det sosialt saman med og i tillegg hatt mange gode faglege diskusjonar. Vi har auka kunnskapen vår ut over det praktiske vi har med oss frå jobben i barnehage, og kan no ta dette med oss vidare.

I denne oppgåva har vi fått god hjelp av foreldre i barnehagane som tok seg tid til å svare på spørjeundersøkinga, og som gav oss eit innhald vi kunne jobbe vidare på. I studietida har vi begge fått god støtte og oppfølging frå venner og kollegaer, og i tillegg har vi to fått eit nært vennskap etter godt og støttande samarbeid.

Tusen takk til Merete Nordnes Nymark for gode og konstruktive tilbakemeldingar, og god rettleiing. Det har gjort at vi heile tida har hatt trua og beheldt roa vi trengte for å få dette til.

Takk for fine år til våre medstudentar, og mange fine samtalar rundt hotellfrukosten.

Til slutt må vi takke familiare våre som har vore tolmogige og hjelpsame, og for at de har hatt trua på oss <3<3

Summary

The purpose of this exercise is to investigate how parents experience interactions with nursery staff when they deliver and collect their children. Data has been gathered from a survey undertaken with two different nursery groups. These groups were from two separate nurseries. We observed that a significant proportion of verbal interactions between parents and staff happens when parents deliver and collect their children. These interactions can most certainly be interpreted in a different manner by the staff and the parents.

We have worked with the theoretical aspects of relationships, communication and parent cooperation, with an emphasis on previous research in the field of delivery and collection of children (Solberg, 2019; Velde, 2016). We wished to gain a deeper insight in how parents experience encounters with nursery staff in their daily encounters with the nurseries we surveyed.

In the surveys the parents were able to give answers on a points-based scale, and also to provide written comments to expand on factors that created a meaningful experience in their interactions with the staff at the nursery. The main findings of the survey show that the parents are largely satisfied with how they are received at the nursery. We also discovered that parents had a clear desire that new digital systems should not become a replacement for direct feedback from contact with nursery staff.

Innhold

Forord	2
Summary	3
1.0 Innleiing	5
1.1 Bakgrunn for val av tema	5
1.2 Føremål og problemstilling	5
1.3 Sentrale omgrep	5
1.4 Oppbygging av oppgåva	6
2.0 Tidlegare forskning på feltet	6
3.0 Teoretisk perspektiv	8
3.1 Den daglege dialogen	8
3.2 Foreldresamarbeid	9
3.3 Kommunikasjon og relasjon	11
3.4 Profesjonalitet og den daglege dialogen med foreldra	12
4.0 Metode	13
4.1 Val av metode	13
4.2 Val av informantar	14
4.3 Gjennomføring	14
4.4 Analyse	15
4.5 Etske perspektiv	15
5.0 Empiri	16
5.1 Kommunikasjon	16
5.2 Relasjon	17
5.3 Informasjon	18
5.4 Oppsummering av funn i barnehage A og B	20
6.0 Drøfting	21
6.1 Den daglege dialogen	21
6.2 Foreldresamarbeid	23
6.3 Kommunikasjon og relasjon	25
7.0 Avslutning	27
Litteraturliste	29
Vedlegg 1: Informasjonsskriv	30
Vedlegg 2: Spørjeskjema	31

1.0 Innleiing

1.1 Bakgrunn for val av tema

Denne oppgåva har fokus på korleis foreldra opplever møte med personalet i bringe -og hentesituasjonar i barnehagen. Dette er eit interessant og spennande område då det er ein viktig del av foreldresamarbeidet i barnehagen. Hensikten er å få meir kunnskap om dette temaet og få vite korleis foreldra oppfattar den daglege kontakten og deira oppleving av personalet i desse situasjonane. Vi møter foreldra dagleg i barnehagen gjennom fleire år og for oss er det viktig at dei har ei positiv oppleving i desse møta. Dei tilsette og foreldra kan ha heilt ulik oppfatning av korleis dei opplever å bli tatt imot og for å finne ut meir valde vi å ha ei undersøking om dette temaet. Interesse for å jobbe for godt foreldresamarbeid handlar om kvalitet i barnehagekvardagen og at ein skal få meir innsikt i korleis barnehagen jobbar saman med heimen. I rammeplanen for barnehagar (2017) står det at «samarbeidet mellom heimen og barnehagen skal alltid ha barnets beste som mål» og at «barnehagen skal leggje til rette for foreldresamarbeidet og god dialog med foreldra» (s. 29).

1.2 Føremål og problemstilling

Målet med denne oppgåva er å få auka kunnskap om dei daglege møta med foreldra slik at bringe og hente situasjonen blir best mogeleg for barn, foreldre og tilsette. Dette knytast og opp med den kvaliteten vi skal ha i barnehagen og styrke vår profesjon.

Problemstillinga vår er; *Korleis opplever foreldra møte med personalet i bringe -og hentesituasjonar i barnehagen?*

For å forske på problemstillinga vår har vi gjennomført ei spørjeundersøking med alle foreldra på ei avdelinga i to barnehagar. Dette har vore ei kvalitativ undersøking. Vi har heldt oss innfor tema som kommunikasjon, relasjon og foreldresamarbeid, der vi under kommunikasjon har hatt fokus på den daglege dialogen.

1.3 Sentrale omgrep

Gjennom forskrift om rammeplanen (2017) for barnehagens innhald og oppgåver er barnehagen sine tilsette forplikta til å inngå samarbeid med barnas foreldre. Barnehagen skal leggje til rette for samarbeid og god dialog, der samarbeid meinast regelmessig kontakt mellom foreldre og tilsette der

ein utvekslar informasjon om barnet i grunna handlingar og meiningar (Glaser, 2018, s. 112). Ein god dialog er å oppleve å vere likeverdig samtalepartnar og oppleve å bli lytta til og snakka med. Dialog definerast som den likeverdige og balanserte samtalen (Lysebo & Bratt, 2022, s. 44). For å få kvalitet i samarbeid mellom barnehage og heim er det viktig å ha lik forståing for dei sentrale omgrepa slik at relasjonen blir best mogeleg mellom partane. Relasjon inneber at det er god kommunikasjon og tilhøyrse, og tillit er berejdelken i alle relasjonar (Spurkeland, 2012, s. 35).

1.4 Oppbygging av oppgåva

I innleiinga informera vi litt om bakgrunn for val av tema og presentasjon av problemstilling. Kapittel to tek føre seg tidlegare forskning og kapittel tre dei teoretiske perspektiva. Val av metode der vi kjem inn på forskingsprosessen og presentasjon av resultatet har vi tatt inn i kapittel fire og fem. I kapittel seks drøftar vi funna vi gjorde opp mot tidlegare forskning. Oppsummering og avslutning kjem i kapittel sju og til slutt referanse og vedlegg.

2.0 Tidlegare forskning på feltet

Det er tidlegare gjort forskning på korleis kvardagsmøta er mellom foreldre og tilsette i barnehagen. Dette gjeld både korleis dialogen og relasjonen er i bringe -og hentesituasjonen, i tillegg til forventningar foreldra har til barnehagen i desse møta. Artikkelen til Janne Solberg (2019) bygger på observasjonar i bringe -og hentesituasjonar, og den skal bidra med meir kunnskap om dei daglege utvekslingane samt diskutere kvifor det ikkje er så mykje dialog med foreldra som ein kan forvente ut frå rammeplanen. Solberg refererer til Bratterud med fleire i ei foreldreundersøking frå 2017 der det kom fram at 85 prosent var heilt eller delvis enige i at informasjonen dei får om korleis barnet har det i barnehagen er god. Samstundes viser tal at det var ein aukiing i talet misfornøgte foreldre. Dette kan sjåast i forhold til stadig meir høgt utdanna foreldre som ikkje er redde for å hevde sine rettigheter (Glaser 2018, i Solberg, 2019 s. 3).

I denne artikkelen viser Solberg til studie som Drugli og Undheim gjorde om foreldresamarbeid på småbarnsavdeling. Den syner at foreldra er fornøygde med leveringsrutinen så lenge den tilsette viste interesse for og snakka med barnet. Når det gjaldt henting på ettermiddag var bilete litt meir samansett. Om lag halvparten av foreldra fortalte at dei fekk relevant informasjon, ein fjerdedel opplevde at dei fekk adekvate informasjon når dei sjølv spurte, og den siste fjerdedelen opplevde dei

fekk for lite informasjon. Foreldra hadde ofte betre tid å snakke med dei tilsette på ettermiddagen, men på grunn av redusert bemanning var dette ikkje alltid mogeleg (Solberg, 2019, s.3). I undersøkinga til Drugli og Undheim (2011) var partane generelt fornøgde med det daglege samarbeidet, men dei tilsette kunne i enkelte tilfelle føle eit krysspress når merksemda skulle delast mellom barn og foreldre som ønska å snakke (Solberg, 2019, s. 3).

Solberg viser til at nyutdanna barnehagelærarar meina å meistre det daglege foreldresamarbeidet. Derimot har dei problem med å meistre vanskelege samtaletema som når barn ikkje trivast i barnehagen eller når ein uroar seg for korleis eit barn har det heime. Dette viser at det er behov for meir kunnskap om kva som skjer i det daglege samspelet mellom foreldre og tilsette (Solberg, 2019, s 4). Dette kjem og fram i Kjersti Lønning Velde si masteroppgåve; *foreldres opplevelse av hentesituasjonen i barnehagen knyttet til kvalitet*. Her legg ho vekt på at barna i dag har to oppvekst arenaer som til saman er med på å skape ei ramme for barna sitt liv. Ho meina desse utfyller kvarandre og vil på ulikt vis vere gode bidrag i barn si utvikling og læring. Velde skriv at eit slikt samarbeid vil vere avhengig av pedagogens evne til å balansere mellom eigen profesjonskunnskap og foreldra sin suverenitet når det gjeld erfaringar og kunnskap rundt barnet (Velde, 2016, s.16).

I forkinga til Velde (2016) nemne ho at den personlege informasjonen, som til dømes bleieskift, søvn og mat verka som ein sentral del av informasjonsbehovet. Når foreldra peika på hentesituasjonar dei har opplevd som gode, er det opplevingar der personalet har referert til gode augneblikk og hendingar saman med barnet som blir trekt fram. Informasjon om eige barn gjere foreldra godt og Velde trekk fram at ved slik informasjon føler foreldra at barnet er blitt sett i løpet av dagen. Det kjem og fram av forkinga at foreldra meina personleg informasjon vil vere viktig i forhold til kva familien skal foreta seg resten av dagen. Informasjon om barnet si form og kapasitet vil i følgje foreldra ha relevans i forhold til gjeremål etter barnehagen (Velde, 2016, s.39). Velde si undersøking kan tyde på at ei strukturert overlevering av informasjon vil tilfredsstillere fleire behov. Ei fast prosedyre med tilhøyrande sjekkliste vil vere tidssparande og gje større mogelegheit for personalet å utnytte knapp tid til å utveksle den personlege informasjonen som viser seg å vere betydningsfull for foreldra (Velde, 2016, s.41). På ei anna side viser undersøkinga at informasjonen foreldra gir til personalet i mange tilfelle òg kan vise mangel på struktur blant personalet. På faktorar som bidrar negativt er informasjon som stoppar opp, der foreldra er utrygge på at deira beskjeder ikkje kjem fram til alle i personalgruppa. I enkelte hentesituasjonar opplevde foreldra den så uryddig at dei valte å gje informasjonen når dei leverte neste dag eller ved å gje skriftlege meldingar. Dette kan føre til at foreldra føler dei ikkje blir tatt på alvor (Velde, 2016, s. 41).

I intervjurunden som Velde (2016) brukte som metode for forskinga viser at mangel på faste rutinar ved utveksling av informasjon lett skaper frustrasjon og dårleg samarbeid mellom foreldre og personale. Tidspunkt for henting kan og vere avgjerande for korleis dette utarta seg. Å hente barna i det verste rushet kan få hentesituasjonen til å verke uryddig og kaotisk. Dette er i følge foreldra med å påverke kva informasjon dei får. Foreldra kan til tider oppleve eit lite tilgjengeleg personale i forbindelse med visse tidspunkt på dagen. Ein generell oppfatning av foreldra er at dei sjølv har eit ansvar for å innhente informasjon, likevel kjem det fram at personalets initiativ både er forventa og at det opplevast meir tilfredsstillande for foreldra. Velde tolkar sitt empiriske materiale som at foreldra gir uttrykk for at personalet har ei viktig rolle å formidle barna sin kvardag i barnehagen. Dei er spesielt interessert i det som omhandlar eige barn (Velde, 2016, s.43).

3.0 Teoretisk perspektiv

For å svare på problemstillinga; *korleis foreldra opplever møte med personalet i bringe -og hente situasjonar i barnehagen*, har vi valt å konsentrere oss om tema relasjon, foreldresamarbeid og kommunikasjon. Vi vil bruke teori frå Drugli og Nordahl (2021) og Glaser (2018) som har fokus på foreldresamarbeid som er grunnsteinen for at vi skal gje barnet dei beste føresetnadane i barnehagen. I tillegg har vi valt å bruke teori frå Spurkeland og Lysebo og Bratt (2022) om relasjonskompetanse. Gode relasjonar er viktig i møte med foreldre og barn, og vi vil belyse korleis vi best mogeleg kan få dette til i barnehagekvardagen. I tillegg til Lysebo og Bratt (2022) skriv òg Glaser (2018) om dialog og kvardagsamtale, korleis kommunikasjon er grunnlaget for utvikling og det å skape ei felles oppleving. Dette er relevant for dei samtalanene vi har med foreldra og for at dei skal vite korleis barnet har det. Markstrøm (2013) nemner i boka til Foss og Lillemyr korleis slike samtalar blir brukt i garderoben i barnehagen. Det er veldig mange tema som heng saman med problemstillinga vår, men vi kan dessverre ikkje ta for oss alle. Difor meina vi relasjon, foreldresamarbeid og kommunikasjon er dei som vil gje oss mest innsikt på korleis foreldra kan oppleve personalet i bringe -og hente situasjonen.

3.1 Den daglege dialogen

I stortingsmelding nr. 41 om kvalitet i barnehagen står det at «det er først og fremst den daglege dialogen mellom foreldre og barnehagen som bidrar til god kvalitet for det enkelte barnet»

(Kunnskapsdepartementet, 2008, s. 37). I barnehagen oppleve vi kvar dag mange dialogar og samtalar. Spesielt ved bringe- og hentesituasjonen er slike dialogar mellom foreldre og personalet viktige. «Ein god dialog bygger på selvfølelsen og får den andre til å føle seg større, ikkje mindre» (Lysebo & Bratt, 2022, s. 44). Lysebo og Bratt (2022) hevdar at det er ei samtaleform som pregast av respekt for den andre si meining og oppleving, der vi som samtalepartner er interessert i å fremme eige syn samtidig som vi er oppriktig opne for den andre sitt syn rundt same sak (s. 44). Det er viktig at vi viser interesse og har fokus retta mot foreldra i desse korte samtalanene. Kroppsspråket vårt må vise det same som det vi vil formidle, vist ikkje kan det skape ein utrygg forståing av det me uttrykker (Lysebo & Bratt, 2022, s. 45).

«Når foreldre opplever at samarbeidet og kommunikasjonen med barnehagen er god, vil dette påvirke barnets trivsel og utvikling positivt» (Glaser, 2018, s.69). Glaser (2018) påpeikar samtidig at ein god dialog inneber å sjå andre sin ståstad, utan å miste sin eigen. Det er helt nødvendig at personalet kan skape gode dialogar med foreldra utan å svikte barnehagen sitt verdigrunnlag (Glaser, 2018, s.70). I desse hente -og bringe situasjonane har ein god mogelegheit for å yte positiv støtte, vise interesse og bekrefte det som foreldra vil formidle, og som fagperson er det viktig å vere sensitiv for kva den andre uttrykkjer av ynskjer, behov og hjelp i samtalen (Glaser, 2018, s.94-95). Dialogar der språkforståing er ein utfordring kan skape usikkerheit og misforståing. Her må personalet vere gode på å bruke konkretar, bilete og andre måtar å få fram informasjon og kva barnet har gjort i løpet av barnehagekvardagen. Det må og bli gitt tilbod om fleire samtalar, gjerne med tolk slik at dei foreldra dette gjelder og kjenner seg ivaretatt og sett. I desse daglege dialogane må ein heller ikkje gløyme barna og deira rolle i samtalen. Dei må få gje uttrykk for korleis dei opplever barnehagekvardagen. Barna sit kanskje med eit anna syn og følelse enn det personalet gjere når dagen er over. Lysebo og Bratt (2022) hevdar at samtale i dialogform byggjer og forbetra relasjonar og vi må difor involvere både barn og foreldre i samtalen om aktivitetar og opplevingar (s. 44). Slik kan dette vidareførast og foreldra har større innsikt når dei vil samtale med barna.

3.2 Foreldresamarbeid

I rammeplanen står det at barnehagen skal leggje til rette for foreldresamarbeid og god dialog med foreldra. Barnehagen skal og leggje til rette for at foreldra og barnehagen med jamne mellomrom kan utveksle observasjonar og vurderingar knytt til helsa, trivselen og utviklinga til det enkelte barnet (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 29). For å best kunne ivareta både foreldre og barn må vi opparbeide oss tillit og ha eit godt grunnlag heilt frå oppstart i barnehagen. Drugli og Nordahl (2021) peikar på at barnehagen har ansvar for at samarbeidet og veremåten hos tilsette får foreldra til å føle

seg vel og inviterte inn i samarbeidsforholdet (s. 27). Foreldresamarbeid er i stor grad eit spørsmål om gjensidighet. Utgangspunktet for samarbeidet må vere ei gjensidig forståing om at begge partar sit inne med både kunnskap og erfaring som kan vere til hjelp i arbeidet med barnet (Grythe & Midtsundstad, 2002, s. 42). «Et godt foreldresamarbeid utvikles ikke av seg selv, det må planlegges, jobbes bevist med og evalueres. Det finnes mange arenaer for barnehagens foreldresamarbeid, og hver av disse vil ha sine styrker og svakheter» (Drugli & Nordahl, 2021, s. 22). I barnehagekvardagen ser ein ofte at det kan vere lettare å samarbeide på nokre områder enn andre, og kor viktig det er å legge ned ein ekstra innsats der vi treng betre relasjonar i samarbeidet.

«Relasjonskompetanse er ferdigheter, evner, kunnskaper og holdninger som etablerer, utvikler, reparerer og vedlikeholder relasjoner mellom mennesker. Denne kompetansen er grunnleggende for hele vår tilværelse» (Lysebo & Bratt, 2022, s. 7). Å skape tillit i relasjon med foreldre hjelpe oss til å få meir openheit og dialog begge veier. Når foreldre kjenner seg trygge vil dei vere i stand til å uttrykke seg både positivt og negativt, og ein kan klare å få gode dialogar og lettare få til eit samarbeid til barnet sitt beste. «Tillit er bærebjelken i alle relasjoner. Den er en følelse som utvikles gjennom interpersonlige erfaringer og bygges ved repeterte tillitvekkende handlinger» (Spurkeland, 2012, s. 35). Spurkeland (2012) seier vidare at tillit alltid er i bevegelse og at slike svingingar er knytt til åtfærd og opplevingar i relasjonen. Det er difor viktig at vi kvar dag jobba med haldningane våre overfor foreldra slik at vi opprettheld tillit og gode relasjonar (s.43). «Tillit er nødvendig for at det skal etableres gode relasjonar og positivt foreldresamarbeid, og henger nært sammen med respekt» (Drugli & Nordahl, 2021, s. 27). Foreldras tillit blir forsterka når dei opplever at dei tilsette kjenner og bryr seg om barnet. Det er viktig å involvere foreldra i barnet sine opplevingar i barnehagen som til dømes gjennom bilete, praksisfortellingar og samtaler. Dette kan bidra til å fremme foreldra sin tillit, og tillit byggjer bru mellom ulikskap og gjer gjensidig dialog mogleg (Drugli & Nordahl, 2021, s. 27).

Dei korte augneblinkane i bringe -og hente situasjonane er det ekstra viktig å ha gjensidig respekt og god dialog slik at begge partar kjenner seg høyrte og forstått. «Det handler om en positiv nysgjerrighet der vi velger å trå andre mennesker nærmere og møte dem med blick og oppmerksomhet. Vi kan hver dag trene på å møte andre ved å se dem inn i øynene, hilse, smile og eventuelt starte en samtale» (Lysebo & Bratt, 2022, s. 17). Dette kjem fram gjennom våre haldninga og evner til relasjonsbygging, og er ein viktig faktor i arbeid med andre menneske. Forsking viser til at aktiv og positiv invitasjon til samarbeid frå barnehagen si side fører til at fleire foreldre engasjerer seg i det som skjer i barnehagen (Drugli & Nordahl, 2021, s. 28). Det som skjer mellom foreldre og personale i bringe -og hentesituasjonane vil utgjere eit viktig fundament for eit grunnleggande og omfattande foreldresamarbeid. Dette er også foreldra sin innfallspor til å få kjennskap med og til personale i

barnehagen, dei andre barna og heilheita i barnehagekvardagen. Denne samarbeidsforma er og den einaste der alle foreldra deltar (Grythe & Midtsundstad, 2002, s. 91).

3.3 Kommunikasjon og relasjon

Korte små dialogar med foreldre kan for mange utgjere stor forskjell ut frå korleis dei opplever å bli møtt i barnehagen. Det kan vere med å skape tryggleik og gode følelsar av at barnet er trygt, eller motsett, at ein går frå barnehagen med vonde følelsar der ein ikkje føler seg høyrte eller stolar på dei tilsette. Ein må utvikle gjensidige positive relasjonar der foreldre og tilsette lytta til kvarandre og tar kvarandre på alvor. Til sterkare desse relasjonane er til meir tydelege og direkte kan vi vere i dialogen. Vi må og jobbe tett med dei som av ulike årsaker vegrar seg for å ta kontakt, ei gruppe dette kan gjelde er dei med minoritetsbakgrunn. Dei kan føle at dei ikkje kjenner til kulturens kodar og ikkje beherskar språket. Vi må uansett behandle dei som likeverdige, og la dei bli møtt med haldningar og handlingar slik at dei kan kjenne på si eiga verdigheit (Thoresen, 2017, s. 179).

«Positiv kontakt vil ofte handle om at ansatte og foreldre utveksler hyggelig informasjon om barnet, noe det har gjort, sagt, fått til og så videre. Å dele barnets positive opplevelser vil bidra til å skape en god atmosfære i samarbeidet, og de daglige møtepunktene innebærer mange gode muligheter til slik kontakt» (Drugli & Nordahl, 2021, s. 31). Barnehagen prøver å følge opp ved å gi tilbakemelding om barna sin dag. I tillegg blir det tatt i bruk digitale verktøy å gje informasjon på. Det blir gitt mykje skriftleg kommunikasjon frå barnehagen til foreldra, men det er viktig at denne ikkje erstattar kommunikasjon ansikt til ansikt. Skriftleg informasjon kan være ein usikker samarbeidsform der foreldra kan misforstå eller har vanskar med å forstå på grunn av dårlege språkferdigheiter (Drugli & Nordahl, 2021, s. 23).

«Daglige situasjoner utgjør barnehagens unike mulighet til jevnlig kontakt med alle foreldre, samtidig som hente- og bringesituasjonene rommer utfordringer fordi det er så få barnehageansatte på jobb om morgenen og ettermiddagen» (Drugli & Nordahl, 2021, s. 24). Dei skriv og at bringesituasjonen om morgonen handlar først og fremst om å gje barna ein god start på barnehagedagen. I tillegg gjev den moglegheit for kontakt mellom tilsette og foreldre. Bringesituasjonen er dessutan ofte ein travel situasjon der dei fleste foreldre raskt skal av gårde på jobben (Drugli & Nordahl, 2021, ss. 24-25). Den daglege kontakten mellom tilsette og foreldre i barnehagen er heilt unik. Dei uformelle samtalene med foreldra har ingen fagleg forplikting, men er godt eigna til utveksling av informasjon og pleie kontakten og relasjonen (Drugli & Nordahl, 2021, s. 60). Det viser seg at det ikkje alltid er mogeleg å kunne gje alle foreldre like mykje tid verken ved bringing eller henting. Det kan vere ulike grunner til dette. Det er likevel viktig at alle blir sett slik at det ikkje berre er dei som har best tid eller har lettast

for å ta kontakt som får vår merksemd. I en kvalitativ norsk studie (Drugli & Undheim, 2021) vart det funne at foreldra brukte svært kort tid i barnehagen om morgonen, og at kommunikasjonen mellom foreldre og tilsette i praksis var begrensa (Drugli & Nordahl, 2021, s. 25).

I hentesituasjonen skal kontakten mellom barn og foreldre reetablerast, og foreldra skal få informasjon om barnehagedagen slik at de kan hjelpe barnet med å binde dagen saman. Det å få høyre korleis barnet har hatt det i løpet av barnehagedagen er med på å fremme foreldra sin tillit til dei tilsette. Den største utfordringa i hentesituasjonen er å balansere det å gje tid til kvar forelder som kjem å henta barnet sitt, og det å ta seg av dei barna som ennå er i barnehagen. I fleire intervju undersøkingar beskrivast dette dilemmaet av dei tilsette ved at dei gjerne vil snakke med foreldra og vere høflege og imøtekommande ovanfor dei, men at dei samtidig kjenne på at dei barna som fortsatt er i barnehagen kunne få deira oppmerksomheit (Drugli & Nordahl, 2021, s. 25).

Kvardagssamtalane blir ofte tatt i garderoben der samtalen og praktiske oppgåver blir gjort samstundes. Garderoben er ein stad der heim og barnehage møtes, ein arena for samarbeid og forhandlingar, omsorg og fellesskap, men og ein stad for individualitet (Markstrøm, 2013, s. 218). Garderoben er ein betydningsfull arena for informasjonsoverføring og der den munnlege informasjonen mellom enkeltpersonar i det direkte møtet ansikt til ansikt skjer. Det kan vere ulike spørsmål som har med barnet å gjere eller småprat om heilt andre ting (Markstrøm, 2013, s. 231-232). Her må ein hugse at informasjon, oppfordringa og spørsmål som blir tatt opp i det daglege møtet i garderoben skal vere innafor dei rammene som viser til teieplikt og respekt for den enkelte. Det er ikkje slik at det alltid er rom for å snakke om alle ting på ein slik offentleg arena.

I ei kartleggings undersøking der foreldra har svart på ulike spørsmål innanfor bringing og henting og informasjon frå barnehagen viser at foreldra i stor grad er fornøgde med det samarbeidet dei har med barnehagen. Foreldra uttrykker gjennomgåande at personalet i barnehagen ofte og svært ofte tar seg tid til foreldra og barnet både i bringesituasjonen om morgonen og henting på ettermiddagen. Dette uttrykker at det i desse situasjonane er ein god dialog mellom dei tilsette og foreldra. Det kan sjå ut til at dei tilsette i barnehagen er relativt dyktige til å møte foreldra (Drugli & Nordahl, 2021, s. 34).

3.4 Profesjonalitet og den daglege dialogen med foreldra

Det er viktig å tenkje over kva slags kunnskap vi møte foreldra med. «Kunnskap er noe som kan utledes både av teori, praksis og klokskap. Det er viktig å være seg bevisst hvordan vi bruker språket i møte med ulike foreldre. Vi kan skape avstand og nærhet alt etter begrep vi velger å anvende. Her ligger det mye makt» (Glaser, 2016, s.61). I ein profesjon har ein ofte eit fagspråk, ein fagleg tryggleik

som er nødvendig for å kommunisere med foreldre og for å formidle kva det pedagogiske arbeidet i barnehagen går ut på. Det er viktig å erkjenne den påverkingskrafta ein har som fagperson, og definisjonsmakta ein har over foreldra. Ein grunnleggande respekt for andre sine verdiar og synspunkt bør vere det viktigaste i forholdet. (Glaser, 2016, s.86). Vi må i dialogen bruke den makta på ein slik måte at ein ikkje undertrykkje foreldra i deira kommunikasjonsform.

4.0 Metode

I denne delen vil vi gjere greie for kva slags metode vi har valt å bruke for å finne svar på problemstillinga som er; *korleis opplever foreldra møte med personalet i bringe -og hentesituasjonar i barnehagen*. Samfunnsvitskapleg metode handla om korleis vi skal samle inn informasjon om verkelegheita, og korleis vi skal analysere informasjon vi får. Dei viktigaste kjenneteikna ved metode er systematikk, grundigheit og openheit (Johannessen, Tufte & Kristoffersen, 2021, s. 21).

4.1 Val av metode

Det er to hovudtypar av metode; kvalitativ og kvantitativ metode. Den kvalitative metoden går meir i djupna på det som skal undersøkast og får fram det som er spesielt eller avvikande (Dalland, 2018, s. 53). I følge Dalland (2017) tar den kvalitative metoden «sikte på å fange opp mening og opplevelse som ikke lar seg tallfeste eller måle», mens den kvantitative metoden «gir data i form av målbare enheter» (s. 52). Ein kvantitativ metode har faste svaralternativ, det får fram det som er felles og den går i breidda. For å undersøke problemstillinga vår, har vi valt ei blanding av kvalitativ og kvantitativ undersøkning og har valt å bruke spørjeskjema for å få ei djupare innsikt i korleis foreldra opplever personalet i bringe -og hentesituasjonen i desse to barnehagane. I spørjeundersøking vår (vedlegg 2), har vi valt å ha spørsmål der ein kan krysse for svaralternativ på nesten alle spørsmåla og med moglegheit for å utfylle svara sine med kva dei meina er bra/ikkje bra eller grunnge svara sine. Undersøkinga er inndelt i kategoriane «kommunikasjon, relasjon og informasjon». Data som blir samla inn tar sikte på å få fram samanheng og heilheit og formidle forståing. Dalland (2017) skriv at «Både kvalitativ og kvantitativ metode bidrar på hver sin måte til en bedre forståelse av det samfunnet vi lever i, og av hvordan enkeltmennesker, grupper og institusjoner handler og samhandler» (s. 52).

4.2 Val av informantar

I spørjeundersøkinga vår har vi valt spørjeskjema som metode. Målgruppa er foreldre som kan gje oss svar på korleis dei opplever bringe -og hentesituasjonen i barnehagen. Her kunne vi og brukt intervju sidan erfaring tilseier at informantane gjerne snakkar meir enn dei skriv og eit intervju kanskje ville gitt meir grundige svar. Likevel tenkjer vi at intervju er meir tidkrevjande i forhold til avtalar der det skal passe for foreldre i travle kvardagar og at fleire hadde takka nei til å vere med i undersøkinga. Spørjeundersøkinga blir meir presis når fleire deltek. Det å kome med negative tilbakemeldingar er ofte lettare ved å skrive ned anonymt enn å formulere seg direkte i eit intervju. Vi valte å dele ut spørjeundersøkinga til alle foreldre på ei avdeling i to ulike barnehagar vi har kalla A og B, til saman 22 skjema. I barnehage A leverte vi ut spørjeskjema på storbarnsavdeling der mottak av barna skjer i garderoben, medan vi i barnehage B leverte ut på avdeling for dei minste barna. Her leverer foreldra barna inn på avdelinga. Vi valte å ikkje gje ut spørjeskjema til heile barnehagen då dette kunne bli ei for stor undersøking og det kunne gå for lang tid før vi fekk tilbake svar. Samtidig ser vi at vi kunne fått ei større variasjon ved å gjere dette.

4.3 Gjennomføring

Ei spørjeundersøking er ein systematisk metode som inneber innsamling og analyse av kvantitative data, basert på ein standardisert utspørjing av eit utval av den befolkninga som skal studerast. Denne utspørjinga kan omhandle ulike tema og dette er den mest utbreidde måten å samle inn data på innan kvantitative forskningsdesign (Bergsland & Jæger, 2022, s. 39). Det krev eit godt førearbeid å lage spørjeskjema og vi brukte tid på å finne dei rette spørsmåla i forhold til problemstillinga vår. Vi laga eit informasjonsskriv (vedlegg 1) der vi informerte om problemstillinga og kva undersøkinga skal nyttast til. Både spørjeundersøkinga og informasjonsskrivet blei lagt saman i ein konvolutt i hyllene til alle borna. Det blei i tillegg gitt munnleg og digital informasjon til dei foreldra som skulle vere med. Spørjeundersøkinga er anonym og dei som leverte tilbake svar gav samtidig samtykke. Svara vart lagt i ein postkasse i garderoben. Spørjeundersøkinga vart gjort i god tid slik at vi hadde moglegheit til å sende ut til fleire foreldre dersom det ikkje kom nok svar. Vi valte svarfrist innan ei veke då vi av erfaring veit at lang svarfrist gjer at det ofte blir gløymt. Vi fekk tilbake totalt 13 svar.

4.4 Analyse

I problemstillinga vår; *korleis opplever foreldra møte med personale i bringe -og hente situasjonar i barnehagen*, vil vi analysere innsamla material og gå gjennom svara og reflektere over dei funna vi har fått. Dalland (2017) skriv at arbeidet med å få oversikt over data inneber å tenkje over kva dei betyr og kva perspektiv dei kan forståast frå. «Ein god analyse kan opne for ulike fortolkingar» (s. 88). Det er viktig å vere sjølvkritisk og vise tydeleg kva som er eigne tolkingar og kva som er dei faktiske svara frå undersøkinga. Ei stor utfordring når det gjeld analyse og tolkingsarbeid er skilje mellom informantens utsegn og tolkingar og eigne tolkingar av desse i teksten (Bergsland & Jæger, 2022, s. 45). Det er viktig å arbeide med å svare på problemstillinga, men å reflektere over informasjonen kan gje nye teoriar og forklaringar som ein kan ta opp som tema og arbeide vidare med i barnehagen. Kvalitetsvurdering dreier seg om å vurdere kvaliteten av prosjektet. Innanfor kvantitativ forskning brukar ein omgrepet reliabilitet der spørsmål knytt til om kor påliteleg datamaterialet er og om forskinga utførast på ein tillitsvekkande måte. I tillegg brukar ein omgrepet validitet som blir knytt opp mot truverdigheit og overførbarheit. Altså om kor vidt ein metode er eigna til å undersøke det den skal undersøke (Bergsland & Jæger, 2022, s. 43-44).

4.5 Etiske perspektiv

Når ein samlar inn data via spørjeskjema til foreldre ein har kjennskap til har ein eit etisk ansvar overfor informantane sine. Etikk handlar om prinsipp, reglar og retningslinjer om kva vi kan og ikkje kan gjere mot kvarandre (Johannessen, Tufte & Kristoffersen, 2021, s.45). Det er viktig at dei konfidensielle svara mellom oss og foreldra blir heldt og at dei kan stole på at dette ikkje er noko som blir offentleg. Dette blir ikkje brukt til vidare arbeid i barnehagen, kunn til forskning i denne oppgåva. Svara vil bli makulert når oppgåva er ferdig. I boka til Bergsland og Jæger (2022) skriv dei at diskusjonen om forskarens etiske ansvar kan knytast til tre hovudprinsipp. *Informert samtykke* som inneber at informantane får informasjon om dei underordna måla for undersøkinga, og at dei har krav på å få kjennskap til prosjektet. Forskaren bør vise kva deltakarane skal vere med på og kva materiale skal brukast til. Deretter gjelder prinsipp om *konfidensialitet*, som medfører at ein ikkje offentleggjer personlege data som kan avsløre deltakarens identitet. I det tredje prinsippet bør *konsekvensar* vurderast med hensyn til mogleg skade eller belastningar på forskningsdeltakarar. Forskaren må vurdere kva konsekvensar prosjektet kan ha for deltakarar som er med i undersøkelsen (Bergsland & Jæger, 2022, s. 47-49). Dette tok vi på alvor i utforminga av informasjon og samtykkeskriv (vedlegg 1) vi delte ut saman med spørjeundersøkinga (vedlegg 2).

5.0 Empiri

I denne delen vil vi presentere funn etter spørjeundersøkinga, som blei gjennomført i to ulike barnehagar. Fokuset var retta mot problemstillinga; *korleis opplever foreldra møte med personalet i bringe -og hente situasjonar i barnehagen*. Vi vil presentere funna frå spørjeskjema under kategoriane kommunikasjon, relasjon og informasjon. Dette gjer vi ved bruk av tabell og med oppsummerande tekst under kvar kategori.

5.1 Kommunikasjon

Svara på spørsmåla under kommunikasjon hadde svarkategoriane alltid, oftast, av og til, sjeldan og aldri.

Spørsmål	Svaralternativ	Barnehage A	Barnehage B
Positiv kommunikasjon med personalet ved levering	alltid		6
	oftast	5	1
	av og til	1	
	sjeldan		
	aldri		
Positiv kommunikasjon med personalet ved henting	alltid		5
	oftast	5	2
	av og til	1	
	sjeldan		
	aldri		

Oppsummering kommunikasjon i barnehage A og B

Det er lite variasjon i svara vi har fått inn i dei to barnehagane. Dei som har svara alltid og oftast på om det er positiv kommunikasjon ved levering kommentera at dei blir møtt av smilande vaksne som er engasjerte i barna. Personalet sei hei, møter og ser barnet. Dei svarar òg at personalet er engasjerte i barna, og invitera til måltid, leik eller eit fang som trøyst når mor eller far går.

I barnehage A har den som har svara av og til gitt uttrykk for at ein ynskjer ein rolegare start på dagen ved at barna som allereie er komen i barnehagen ikkje blir med ut i garderoben. Då kan det vere mogeleg å kommunisere utan forstyrringar.

I begge barnehagane gir foreldre uttrykk for god kommunikasjon med personalet og ei god oppleving når dei hentar barnet. Foreldra er opptekne av å høyre korleis barnet har hatt det i løpet av dagen og at personalet har tid til samtale. Fleire kommentera at dei får tilbakemeldingar, både positive og negative, og at barna blir inkludert i samtalen om korleis barnehagedagen har vore. Foreldra har og notert at dei får fortløpande informasjon om det skulle vere noko spesielt. Den som har svara av og til skriv at personalet skjeldan har tid å fylje barnet i garderoben og at personalet som er til stades på slutten av dagen skjeldan har informasjon om dagen som har vore for det enkelte barnet. Det er og fint om personalet uoppfordra gjev stikkord for aktivitetar som barnet har gjort i barnehagen.

5.2 Relasjon

Spørsmåla under kategorien relasjon hadde to ulike svaralternativ. På det første spørsmålet var alternativa alltid, oftast, av og til, sjeldan og aldri. På det andre brukte vi ja, nei og både og.

Spørsmål	Svaralternativ	Barnehage A	Barnehage B
Opplever foreldra god relasjon til personalet på avdelinga til barnet?	alltid	4	6
	oftast	1	1
	av og til	1	
	sjeldan		
	aldri		
Opplever du/de forskjell på kven som møter deg og barnet med tanke på ulik kompetanse?	ja	1	
	nei	3	6
	både og	2	1

Oppsummering relasjon i barnehage A og B

I begge barnehagane har foreldra god relasjon med personalet i barnehagen. Dei som har svara alltid skriv personalet er imøtekommande, hyggelege, hjelpsame og inkluderande. Personalet syner respekt for barnet og foreldra, og foreldra kan snakke om alt med alle. Barnet kvir seg ikkje for enkelte vaksne. I barnehage A har den som har svart oftast skreve stabilt personale, lite vikarar og god oppfølging av barnet. I same barnehage har den som svarte av og til skreve at det ikkje alltid er lett å få kontakt med alle tilsette.

På spørsmål om foreldra synast det er forskjell på kven som møte dei med tanke på ulik kompetanse har foreldra i barnehage A svart ja, nei og både og. Medan dei i barnehage B har svart nei og både og. Av dei som har svart nei i barnehage A har dei skreve at tilbakemeldingane blir gitt av alle og at viktige og alvorlege beskjedar blir gitt av dei med fagkompetanse. Dei som har svart både og har skrive at dei kan merke at dei med lang erfaring og kompetanse er flinkare å gje konkrete tilbakemeldingar og seier det slik det er, og ikkje «pynte» på ting. Det å ha eit bevisst forhold til møte med barn og foreldre kan tenkast å henge saman med kompetanse, men ikkje naudsynt formell kompetanse. I barnehage B har foreldra som har svara nei skrive at alle er like flinke uavhengig av kompetanse og om dei ikkje klara å svare får vedkommande hjelp frå kollegaer. Dei skriv og at alle syner glede for å sjå barna og at alle tek i mot på ein god måte enten med eit fang eller invitere inn i leik, pedagog som fagarbeidar. Her blir det også nemnt at barnet kan gå til kven som helst på avdelinga.

5.3 Informasjon

Svara på spørsmåla under informasjon hadde svarkategoriene alltid, oftast, av og til, sjeldan og aldri. Og eit spørsmål hadde ope svar alternativ.

Spørsmål	Svaralternativ	Barnehage A	Barnehage B
Eg/vi opplever å få den informasjonen vi treng når vi levera om morgonen:	alltid	1	5
	oftast	4	2
	av og til	1	
	sjeldan		
	aldri		
Eg/vi opplever å få gitt nødvendig informasjon når vi levera om morgonen:	alltid	2	4
	oftast	4	3
	av og til		
	sjeldan		
	aldri		
Eg/vi opplever å få den informasjonen me treng når vi hentar om ettermiddagen:	alltid		4
	oftast	6	3
	av og til		
	sjeldan		
	aldri		

Oppsummering informasjon i barnehage A og B

Her er foreldra stort sett fornøgd med informasjonen dei får om morgonen. Dei som har svara alltid i barnehage A meina det er begrensa kor mykje informasjon ein treng når dei levera om morgonen, dei veit barnet har det bra og om det skjer noko rekna dei med å få beskjed. Den som har svara av og til ynskjer å få informasjon om kva som står på agendaen for dagen. Og at det ofte kan vere kaotisk med mange barn i garderoben samtidig.

Foreldra i begge barnehagane gir uttrykk for at dei får gitt nødvendig informasjon ved levering om morgonen. I barnehage A har den som har svara oftast gitt uttrykk for at dei av og til kan vere utrygg på om informasjonen blir gitt vidare internt, då det kan vere kaotisk i garderoben med mange barn. I barnehage B har den som har svara oftast sagt at dersom det er få tilsette på avdelinga kan det vere utfordrande å få gitt beskjedar, spesielt dersom det er noko som bør seiast utan at alle barna høyrer. Ved informasjon ved henting på ettermiddagen verkar foreldra i begge barnehagane fornøgde. I barnehage A har ein som svara oftast nemnt at ein uoppfordra kan gje stikkord frå dagen om humør, mat og leik.

Korleis foreldra likar å få informasjon frå barnet sin dag variera blant foreldra i begge barnehagane. I barnehage A meina nokon det ikkje er viktig korleis ein får informasjonen og at personale må avgjere kva som er best eigna. Dei meina Vigilo kan fungere dersom personalet ikkje har tid eller kapasitet til å gjere det fysisk. Nokon meina Vigilo og sms fungera fint, men vil gjerne ha munnleg beskjed dersom noko meir alvorleg har skjedd som biting, utestenging med meir. Fleire meina det er kjekt med bilde på Vigilo og ei veker oppsummering, men dei ynskjer dagsbeskjedar frå personalet. I barnhage B meina nokon foreldre det kan vere travelt i bringe -og hentesituasjonar og synast det er lettare å få utfyllande informasjon via Visma. Medan andre likar det munnleg då dei ikkje rekk å lese på Visma. Her nemner òg foreldra at munnleg informasjon er meir personleg, og det er kjekt med bilde på Visma.

5.4 Oppsummering av funn i barnehage A og B

Når vi samanlikna svara vi har fått i barnehage A og barnehage B ser vi det er mykje dei same svara. Foreldra verka positive til både kommunikasjon, relasjon og informasjon dei får frå personalet i barnehagen. Sidan dette er to barnehagar på omtrent same størrelse valde vi å levere ut spørjeundersøkinga på stor avdeling i barnehage A og på småbarnsavdeling i barnehage B for å kunne finne ut om det hadde noko å seie for forskinga. Dette viser ikkje noko store utslag og foreldra har stort sett dei same tilbakemeldingane i begge barnehagane. Det same gjeld og i opplevinga av å bli tatt godt i mot i bringe -og hente situasjonen. Dei opplever positiv kommunikasjon og eit personale som er imøtekommande både ovanfor barnet og foreldra. I barnehage A var det eit ynskje om ein rolegare start og moglegheit for kommunikasjon utan forstyrringar. På spørsmålet om relasjon var foreldra i både barnehage A og B svært nøgde. Dei uttrykkjer at personalet er hyggelege, imøtekommande og inkluderande. Dei nemner og at personalet syner respekt og barnet kjem godt

overeins med dei tilsette i barnehagen. I barnehage A kom det og fram at det enkelte gonger kan vere vanskeleg å ha like god kontakt med alle som møter foreldra i bringe -og hentesituasjonen.

Svara som kom inn i informasjonsdelen peika på at foreldra i begge barnehagane var fornøgde med måten dei fekk informasjon både morgon og ettermiddag. I barnehage A kom det til uttrykk at ein av og til kan vere utrygg på om informasjonen blir vidareformidla internt. Spørjeundersøkinga syner at foreldra har forståing for at det enkelte gonger kan vere ei utfordring å gje tilbakemelding på slutten av dagen med mindre personale og andre barn og ta omsyn til. Difor kan den digitale informasjonsmåten via Visma/Vigilo vere ei hjelp for å få viktig informasjon ut til alle. Likevel ynskjer ikkje foreldra å miste den munnlege kommunikasjonen der barna og blir tatt med i oppsummeringa av dagen.

6.0 Drøfting

Med utgangspunkt i problemstillinga; *korleis opplever foreldra møte med personalet i bringe og hentesituasjonar i barnehagen* har vi sett nærmare på funna i spørjeundersøkinga og vil drøfte desse opp mot teori og forskning på feltet. Den raude tråden gjennom oppgåva har våre dialog, foreldresamarbeid, kommunikasjon og relasjon mellom foreldra og dei tilsette, og vi har valt å bruke desse kategoriane vidare i drøftinga.

6.1 Den daglege dialogen

I rammeplanen (2017) står det at «foreldra og barnehagepersonalet har eit felles ansvar for at barnet skal trivast og utvikle seg. Barnehagen skal leggje til rette for foreldresamarbeidet og god dialog med foreldra» (s. 29). Den daglege dialogen mellom foreldre og barnehagen bidrar til god kvalitet for det enkelte barnet (Kunnskapsdepartementet, 2008, s. 37). Dialog er ein samtale som er likeverdig og balansert, og det handlar om å oppleve seg verdifull og anerkjent i møte med den andre. Å oppleve at vi har like stor verdi som menneske og meiningane våre betyr noko (Lysebo & Bratt, 2022, s. 44). Det er difor viktig å sjå kvar enkelt forelder som den dei er, lytte og forstå kva dei ynskjer å formidle. I spørjeundersøkinga kom det fram at foreldra har forståing for at det ikkje alltid er like mykje tid til å utveksle informasjon kvar dag i barnehagen. Drugli og Nordahl (2021), skriv at «bringesituasjonen om morgenen handler først og fremst om å gi barna en god start på barnehagedagen» (s. 24-25). Dei

skriv og at bringesituasjonen ofte er travel for foreldra då dei skal vidare på arbeid (s. 24-25). Foreldra har betre tid på ettermiddag ved henting, men med mindre personale på jobb er kanskje dette ei vanskeleg tid for samtale. Tidlegare forskning viser og at ettermiddagane kan vere travle for personalet til å sette av tid til samtalar med alle foreldre. Det er ei utfordring for dei tilsette å balansere det å gje tid til kvar foreldre som kjem å hentar og samtidig ta seg av dei andre barna i barnehagen (Drugli & Nordahl, 2021, s. 25). Solberg (2019) skriv i sin artikkel at hentesituasjonen på ettermiddagen var meir vaksenprega, og at det var store individuelle forskjellar mellom dei tilsette med omsyn til kor mykje informasjon som vart gitt (s. 8). Foreldra ynskjer informasjon om kva barnet deira har gjort i løpet av dagen. I spørjeundersøkinga vår kom det fram at nokre vil at dei tilsette uoppfordra kan gje tilbakemelding på humør, mat og leiken til barnet i løpet av dagen. Dette er òg noko som kom fram i undersøkinga til Velde (2016), at «informasjonen burde komme regelmessig utan forespørsel fra foreldrene» (s. 44). Når barna blir henta er ofte noko av personalet gått heim for dagen og i nokre barnehagar slår dei avdelingar saman på byrjinga og på slutten av dagen. Det kan vere vanskeleg å gje tilbakemelding om eit barn ein ikkje har vore med i løpet av dagen, dersom dette barnet blir henta når det berre er personale frå ei anna avdeling igjen på arbeid. Dette er noko som blei påpeika i spørjeundersøkinga og. Her kan det bli vanskeleg å innfri foreldra sine ynskjer og det vil spesielt gå utover dei barna som blir henta sist i barnehagen. Dette er noko som kan sette personalet i ein vanskeleg situasjon, dersom dei får spørsmål dei ikkje klara å svare på. Likevel svarer dei fleste foreldra at dei fekk den informasjonen dei trengte ved henting av barnet.

Glaser (2016) hevdar at dialog og informasjonsutveksling i bringe -og hentesituasjonen og gjensidig openheit og tillit er svært viktig for at foreldra skal kjenne tryggleik når dei kjem med barnet sitt (s. 78-79). «For mange foreldre er det nettopp det daglige møtet og dialogen med de ansatte det viktigste» (Glaser, 2018, s.78). I spørjeundersøkinga seie foreldra at dei blir trygga av å få vite at barnet har hatt ein god dag i barnehagen, og dei gir uttrykk for at dei set pris på tilbakemeldingar der barnet får bidra i samtalen. Solberg (2019) hevda at hentesituasjonen endra karakter med barna til stades, og samtalen ikkje lenger gjekk føre seg innfor ei rein voksen ramme. Det var heller slik at den barnehagetilsette fekk med seg barnet inn i samtalen for å fortelje om dagen (s. 8). Foreldra seier at dei får tid og mogelegheit til å fortelje korleis starten på dagen har vore slik at personalet kan ta omsyn og legge til rette for at barnet får det best mogeleg i barnehagen. Det er viktig å sjå på foreldra som ressurspersonar for sine barn og at vi har forståing for at det er ulike måtar å vere forelder på. Barnehagelæraren kan vere ein god støttespelar i måten å spegle og anerkjenne foreldra på, men og utfordre deira praksis (Glaser, 2018, s. 17). Det er difor bra at foreldra kjenner dei får gitt og får tilbake informasjon, slik at dei er ein del av barna sin dag.

Noko av den daglege samtalen har blitt erstatta av skriftleg informasjon. Thoresen (2017) hevdar at den daglege, uformelle kontakten er viktig både for å bli kjent med foreldra og barnet, men òg for å bygge tillit. Vidare seier ho at dette er ein måte å vise at vi oppriktig bryr oss og viser engasjement (s. 60). Barnehagane i spørjeundersøkinga har tatt i bruk dei digitale plattformene, Vigilo og Visma, og brukar dette som eit supplement til informasjon og tilbakemeldingar. Foreldra gjev uttrykk for i undersøkinga at dei ikkje har noko imot skriftleg informasjon, men at dei ikkje ynskjer å miste den personlege og munnlege tilbakemeldinga. Dette må vi ta i betraktning ettersom barnehagen vil kunne møte foreldre som ikkje har same tilgang eller erfaring med moderne media, og dei må takast omsyn til. Mangfald blant foreldre krev både innføringsevne og openheit, slik at eventuelle vanskar lett kan løysast i den daglege kontakten med heimen (Thoresen, 2017, s. 66). Vi kan jo spørje oss om bruk av digitale verktøy i samheng med informasjon kan skape ein avstand mellom foreldre og personale? At dei som frå før er usikre vegrar seg endå meir for å ta kontakt, og møta i bringe- og hentesituasjonen blir ei upersonleg avlevering av barna. Spurkeland (2012) seier at menneske sin gjensidige tillit ikkje oppstår plutsleg og spontant, men må bevisast ved repeterte handlingar over tid (s. 42). Tillitsfulle foreldre har store fordelar i kontaktetablering med nye menneske, medan skeptiske foreldre vil bruke lang tid for å etablere tillitsforhold og held kanskje mykje skjult for andre (Spurkeland, 2012, s.42). Foreldra i spørjeundersøkinga er i stor grad einige at det er viktig å oppretthalde god munnleg dialog i dei daglege møta mellom seg og dei tilsette i barnehagen. I tillegg viser funn i desse to barnehagane at foreldra er fornøgde med personalet, og at dei er imøtekommande når ein treng å ta opp noko. Foreldra nemner at dei opplever positiv kommunikasjon, gode tilbakemeldingar og påminning om det skulle mangle noko av kle og utstyr.

6.2 Foreldresamarbeid

Tillit er bærebjelken i alle relasjonar, den må byggast litt etter litt, og tillitsvekkande åtferd er det daglege beviset på fortent tillit (Spurkeland, 2012, s. 42). Spurkeland (2012) seier vidare at «tillit er i bevegelse og tillit kan kunn oppnåes når et mønster av adferdsopplevelser fester seg hos partene i en relasjon» (s. 42). Dei som arbeider i barnehage må finne tillitsbyggande vegar inn til alle barna og deira foreldre slik at samarbeidet skal vere til det beste for alle partar (Lysebo & Bratt, 2022, s.27). Det er lett å tenkje at bringe- og hente situasjonen berre er ei overlevering av barna, men for mange er dette ein arena for kontakt og samtale med andre. Nokre for det sosiale, medan andre kan vere usikre i foreldrerolla og kan trenge ein diskusjonspartner som kan fortelje om alternative måtar å løyse problem med oppdragelsen (Glaser, 2018, s. 17).

Å ha ein spørjeundersøking for å få tak i korleis foreldra oppleve barnehagen og personalet i desse situasjonane er ein måte å få kjennskap til kva ein kan jobbe meir med for å tilfredsstille krav og forventningar. Ut frå funna ser vi at dei fleste foreldre er fornøgde med korleis dei blir tatt imot når dei kjem med eller hentar barnet sitt. Likevel er det nokon som tar til ordet for ei endring, og som har ynskje om at andre barn ikkje skal vere med ut i garderoben ved levering. Dette kjem fram i barnehagen der levering skjer i garderoben, og der foreldra føler dei ikkje får ha den samtalen med personalet dei ynskjer når det er for mange barn og vaksne der samtidig. Dette er noko Velde (2016) og trekk fram i si forskning, at når det er «mange foreldre som henter samtidig opplever foreldrene i mange tilfeller å ikkje få tilstrekkelig med informasjon og tid saman med personalet når de henter barnet» (s. 45). Sjølv om desse tilbakemeldingane i vår spørjeundersøking er unntak, er det viktig at dei blir tatt på alvor for den som ytrar dette. Det kan likevel vere eit dilemma, då mange barn ofte blir levert på same tid og det vil vere mange i garderoben på enkelte tidspunkt. Personalet kan ha ein ambisjon om å møte barna i garderoben, men av praktiske årsaker er det ikkje alltid mogeleg, først og fremst fordi ein er opptatt med andre barn (Markstrøm, 2013, s. 225). Det er mange barn å ta omsyn til i barnehagen og dagane er aldri like, og god dialog skapar ei ny og djupare læring og forståing i samhandling med andre (Lysebo & Bratt, 2022, s. 44). Ein må imøtekomme foreldra sine ynskjer og krav til ein viss grad, men samtidig må dei tilsette kunne forsvare enkelte handlingar for å ivareta barna og barns beste i alle situasjonar slik samfunnsmandatet seier i rammeplanen (s.7). «Alle handlingar og avgjerder som gjeld barnet, skal ha barnets beste som grunnleggjande omsyn» (KD, 2017, s.8).

I barnehagen der barna blir levert på avdeling vil det nok oppstå tilfelle der ein gjerne føler det er travelt med barn som allereie er i aktivitet og leik. Det er viktig at personalet vise merksemd til barnet og foreldra som kjem, at dei blir sett og tatt godt imot. Korleis det daglege møtet artar seg er noko som veks fram i samspelet mellom dei forskjellige individa, mellom enkeltforeldre og enkeltpedagogar (Markstrøm, 2013, s. 228). Som Markstrøm (2013) skriv så er garderoben ein stad der heim og barnehage møtast og ein viktig stad for informasjonsoverføring. I garderoben avklarast ofte praktiske spørsmål og samtalar om rutinar, reglar og dagens hendingar. I tillegg avklarast ulike spørsmål som har med barnet å gjere (s.231). Om dette er rette staden for informasjon kan ein kanskje diskutere. Dette er og individuelt ettersom foreldra er ulike og har ulik grad av sensibilitet av det som blir tatt opp. I garderoben møter ein menneske med forskjellige kjønn, alder, etnisk bakgrunn og språk (Markstrøm, 2013, s. 235). Markstrøm (2013) hevdar at det ikkje er alt av informasjon og spørsmål som kan takast opp i det daglege møtet, og garderoben blir ein stad der grenser mellom det private og det offentlege må oppretthaldast (s.232). Teieplikta skal uansett ivaretakast for å beskytte barna og dei vaksne, og det må visast respekt for den enkelte. Funn viser at

foreldra ikkje har følt dette som noko stort problem i barnehagane, dei viser mest til at dei er opptatt av at dei både får og kan gje informasjon som er nyttig for barnet og dei sjølv. Informasjon av meir alvorleg grad får dei tilbod om med telefonsamtale eller planlagt møte.

Eit godt samarbeid og god kommunikasjon mellom barnehagen og familien er grunnleggande for barn sin trivsel og utvikling. Det handlar om god informasjonsflyt, ein god dialog og foreldre sin moglegeheit for medverking (Glaser, 2018, s. 78). Glaser (2018) skriv vidare at det uformelle samarbeidet er ikkje-planlagde møter som til dømes den daglege dialogen ved hente -og bringesituasjonen (s. 78). Drugli og Nordahl (2021) skriv at trivselen til barna og den emosjonelle utviklinga blir betre når samarbeidet mellom tilsette og foreldra fungera godt (s. 32). Tilbakemelding i spørjeundersøkinga viser at nokon tykkjer det er vanskeleg å ha like god kontakt med alle i personalet. Vi må då spørje oss om tilsette i barnehagen er bevist på at alle foreldra blir sett og høyrte, og korleis ein sikrar at alle blir ivareteke på ein god og likestilt måte. Klarer dei tilsette å vere nøytrale i møte med alle eller er det lettare å vere i kontakt med dei utadvente og dei ein har betre kjennskap eller trygg relasjon til? Dette kan innebere at personale kan oversjå dei meir stille og usikre foreldra som kanskje treng ekstra oppfølging i kvardagsmøta. Barnehage som arbeidsstad inneber at ein må forhalda seg til forskjellige menneske med ulike forutsetningar, erfaringar, forventningar og behov. Dei tilsette er og forskjellige, med sine ulike haldningar, kunnskap og erfaring (Gjervan, 2016, s. 101).

6.3 Kommunikasjon og relasjon

Det er viktig å skape god relasjon med foreldra, og gjennom samtalar og nærvær i barnehagen kan foreldre og tilsette bli tydeleg for og trygge på kvarandre (Glaser, 2018, s. 79). For å skape gode relasjonar er kommunikasjon ein viktig byggjestein. For å kunne etablere gode relasjonar, treng dei tilsette å ha gode kommunikasjonsferdigheiter, både verbale og nonverbale (Drugli & Nordahl, 2021, s. 28, 29). Medan nokre tilsette i barnehagen vil ha god relasjonskompetanse og etablere enkelt eit godt samarbeid med dei fleste foreldre, vil andre ha ein veremåte og kommunikasjonsform som lett kan skape avstand eller konflikt i samspelet med foreldra. Det vil då ofte handle om at den tilsette ikkje er i stand til å etablere ein gjensidig relasjon til foreldra (Drugli & Nordahl, 2021, s. 29). I spørjeundersøkinga vår opplever dei fleste at dei har god relasjon med personalet på avdelinga til barnet, berre ein har svart at det ikkje er alle det er like lett å få kontakt med. Kan det då tenkjast at den av foreldra som har svart dette har ein dårleg relasjon med nokon av personalet i barnehagen? Å etablere eit godt foreldresamarbeid stiller krav til relasjon og gjensidigheit. Dette inneber at foreldre

og tilsette lyttar til kvarandre og tar kvarandre på alvor, og at det er likeverd mellom partane (Drugli & Nordahl, 2021, s. 28). Drugli og Nordahl (2021) hevdar at om relasjonen er dårleg, «vil det bli vanskelig å etablere konstruktivt samarbeid også på saksnivå, noe som vil gå ut over barn med spesielle behov» (s. 29).

I spørjeundersøkinga vår kom det fram av nokre foreldre at dei var utrygg på om informasjonen som blei gitt til personale om morgonen vart gitt vidare internt då det kan vere kaotisk i garderoben med fleire barn. Dette er noko Velde (2016) har med i si forskning når det gjelder hentesituasjon i barnehagen. Der kom det fram at informasjon som vart gitt og ikkje følgt opp, kan opplevast frustrerende og gir foreldra følelsen av ikkje å bli tatt på alvor (s. 45). På spørsmål i spørjeundersøkinga om det er forskjell på kven som møter foreldra i barnehagen med tanke på ulik kompetanse, har nokre foreldre svara at dei med lang erfaring og kompetanse i barnehagen er flinkare og sei det slik det er ved tilbakemelding på ting som har skjedd i barnehagen. Grunnen til dette kan vere at nokre tilsette i barnehagen har meir erfaring med ulike formar for kommunikasjon med foreldre slik at samarbeidsrelasjonen har utvikla seg (Drugli & Nordahl, 2021, s. 28). Spurkeland (2012) hevdar at handlingar og episodar kan gje tiltru til leiarar fordi dei opptrer rakrygga (s. 41). Men betyr dette at det er berre leiarane som står rakrygga i møte med foreldra? Kan erfaring og kompetanse vere med å legge grunnlag for korleis kommunikasjonen framstår uavhengig om ein er leiar, fagarbeidar eller assistent? I Solberg (2019) si undersøking kjem det fram at forskning viser at nyutdanna barnehagelærarar meistrar det daglege foreldresamarbeidet. Derimot har dei problem med å meistre vanskelege samtaletema som når eit barn ikkje trivast i barnehagen eller ein er uroleg for korleis barnet har det heime (s. 4). Tilbakemelding frå enkelte foreldre var at eit bevisst forhold i møte med barn og foreldre kan tenkjast å henge saman med kompetanse, men ikkje naudsynt formell kompetanse. Velde (2016) trekk fram i si undersøking at «det blir gitt uttrykk for at faste ansatte og utdannet personell utøver informasjons- og omsorgsrollen betre enn vikarer. Men også blant fast ansatt personale oppleves det å være individuelle forskjeller» (s. 54).

I rammeplanen (KD 2017) er profesjonskunnskapen beskrive som barnehagelærarens formelle kompetanse. «Det særegne ved profesjonskunnskapen er at den er utviklet innen en bestemt profesjon, der miljøet og fagpersonene utvikler et felles språk, begrepssett, felles koder og en felles forståelsesramme» (Glaser, 2016, s.45). Dette inneber at vi kommuniserer og brukar den kunnskapen vi har i møte med barn og foreldre. Det er viktig at kommunikasjonen er retta mot foreldra på ein slik måte at vi ikkje gjer dei usikre og føler seg mindre verdifulle i samtalen. Glaser (2016) hevda at sjølv om mange foreldre i dag har høg utdanning kan dei oppleve å bli usikre i møte med profesjonell barneomsorg (s.25). Likevel viser Solberg (2019) til i si undersøking at den generelle tendensen i

samfunnet der stadig fleire foreldre er høgt utdanna, så er dei ikkje redde for å hevde sine rettigheter (s. 3).

Vi må tenkje på korleis personalet legg til rette for at foreldre skal få uttale seg om korleis kvardagsmøta med barnehagen er. Ei slik spørjeundersøking eller ei brukarundersøking kan få fram kva personalet gjer for å tilfredsstille krav og forventningar, og gjer til at foreldra kan få fremje sine synspunkt. Dette kjem ikkje berre foreldre og barn til gode, men og eit personale som ynskjer gjere ein best mogeleg jobb. Gode samtalar der foreldra blir høyrte og respektert for meiningane sine er grunnlaget for tillit i relasjonen heim- barnehage. Dette kjem fram i Velde (2016) si undersøking der foreldra gir uttrykk for at dei er fornøgde med omsorga som blir utvist og det blir eit godt fundament for gode relasjonar mellom heim og barnehage (s. 51). Det ligg mykje makt i kva kunnskap vi møter foreldra med og korleis vi vel å anvende denne (Glaser, 2016, s. 61). Glaser (2016) skriv og at «en fagperson skal møte foreldrene med en ikke-dømmende holdning, med respekt og anerkjennelse for den andres syn og verdier, også i situasjoner der disse er totalt forskjellige fra ens egne» (s. 84). Det at ein fagperson står fram som ein empatisk person, gir eit betre grunnlag for å vere til verkeleg støtte for foreldra (Glaser, 2016, s. 86). Når foreldre uttalar i vår spørjeundersøking at dei og barnet blir møtt av smilande, engasjerte og inkluderande vaksne som tar imot dei kan det vere eit teikn på at det daglege samarbeidet der kommunikasjon og felles forståing i måten å bli møtt på truleg er av god kvalitet, slik og Drugli og Undheim fant i si undersøking (Solberg, 2019, s.4). Foreldre sin kompetanse og kritiske spørsmål vil vere viktige til å vurdere eigen praksis, samtidig som personalet kan bruke yrkesetisk og pedagogisk bevisstheit og kan argumentere fagleg for og imot foreldra sine innspel (Glaser, 2016, s. 35).

7.0 Avslutning

Etter å ha gått i djupna på empiri, teori og drøft av teori for å belyse problemstillinga; *korleis opplever foreldra møte med personalet i bringe -og hentesituasjonar i barnehagen* viser funna i spørjeundersøkinga at dei fleste foreldra var godt nøgd med måten dei vart mottatt på i barnehagen. Dei som tok opp utfordringar hadde likevel forståing for at når det er mange barn og foreldre å ta omsyn til er det vanskeleg for dei tilsette å gje tilstrekkeleg fokus og tilbakemelding til kvar enkelt forelder. Vi valte å fokusere på kommunikasjon, relasjon og foreldresamarbeid og dette kjem fram både i teori, empiri og drøfting. Her ser vi at tillit og god dialog kanskje er dei viktigaste områda for å skape gode relasjonar mellom barn, foreldre og barnehage.

Barnehagen er i stadig utvikling og i den nye rammeplanen i 2017 kom det fleire føringar om korleis barnehagen og dei tilsette skal forhalda seg til innhald og oppgåver. Foreldresamarbeid vil alltid stå i fokus i den jobben vi skal gjere og vi må då stille oss spørsmål om kor viktig dei tilsette sin kompetanse er. Kompetanseauking og utvikling er eit sentralt perspektiv i barnehagesamanheng, og spesielt retta inn mot foreldresamarbeid. Læringskultur der alle tilsette er involvert kan vere eit viktig verkemiddel for at flest mogeleg skal kunne gjere ein god jobb. Slik forhindra vi eit stort skilje mellom assistent, fagarbeidar og barnehagelærar.

På bakgrunn av funn i spørjeundersøkinga så ser vi at det er nyttig å ta foreldra med når vi evaluera viktige tema i barnehagen, måten vi deler erfaring på er avgjerande for samarbeidet (Glaser, 2016, s. 15). Det å ha jamleg spørje -og foreldreundersøking bidrar til at vi får innspel og kan utføre jobben på ein god måte der både foreldre og tilsette har tillit til kvarandre og anerkjenne at begge partar er like viktige i eit samarbeid.

Vi håpar at resultata av vår spørjeundersøking om bringe -og hentesituasjonen i barnehagen kan vere av interesse for fagmiljøet og at det kan bidra til å styrke fokuset på foreldresamarbeid i barnehagen. Vi synast det var eit spennande tema med interessante funn, og eit tema vi vil arbeide vidare med framover i jobben vår som barnehagelærar. Vi ser tydeleg viktigheita av at god relasjon skapar betre møte mellom alle partar i barnehagen.

Litteraturliste

- Bergsland, M. D., & Jæger, H. (2022). *Bacheloroppgaven i barnehagelærerutdanningen*. Cappelen Damm Akademisk.
- Dalland, O. (2017). *Metode og oppgaveskriving*. Gyldendal.
- Drugli, M., & Nordahl, T. (2021). *Dette vet vi om barnehagen: Foreldresamarbeid i barnehagen*. Gyldendal Norsk Forlag AS.
- Gjervan, M. (2016). Flerkulturelle perspektiver og foreldresamarbeid. I V. Glaser, *Foreldresamarbeid barnehagen i et mangfoldig samfunn*. Universitetsforlaget AS.
- Glaser, V. (2016). *Foreldresamarbeid barnehagen i et mangfoldig samfunn*. Universitetsforlaget AS.
- Glaser, V. (2018). *Foreldresamarbeid barnehagen i et mangfoldig samfunn*. Universitetsforlaget AS.
- Grythe, J., & Midtsundstad, J. H. (2002). *Foreldresamarbeid i barnehagen*. Høyskoleforlaget AS.
- Johannessen, A., Tuft, P., & Christoffersen, L. (2016). *Introduksjon til samfunnsvitenskapelig metode*. Abtast forlag AS.
- Kulturdepartementet. (2009-2010). <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/Meld-St-20-20092010/id608202/>.
- Kunnskapsdepartementet. (2017). *Rammeplanen for barnehagen*. Utdanningsdirektoratet.
- Lysebo, M. O., & Bratt, E. G. (2022). *Relasjonskompetanse i barnehagen*. Fagbokforlaget .
- Markstrøm, A.-M. (2013). Graderoben som sted for samarbeid og forhandlinger mellom hjem og barnehage. I E. Foss, & O. Lillemyr, *Til barnas beste*. Gyldendal Norsk Forlag AS.
- Solberg, J. (2019). Hverdagsmøtene mellom foreldre og ansatte i barnehagen - nok voksenrammer? *Tidsskrift for nordisk barnehageforskning* 18(8), 1-12.
- Spurkeland, J. (2012). *Relasjonskompetanse*. Universitetsforlaget AS.
- Thoresen, I. T. (2017). *Foreldresamarbeid i barnehagen til barnets beste*. Cappelen Damm AS.
- Velde, K. L. (2016). *Foreldres opplevelse av hentesituasjonen i barnehagen knyttet til kvalitet (Masteroppgåve)*, Universitet i Stavanger.

Vedlegg 1: Informasjonsskriv

Informasjonsskriv

Vi er to studentar som går siste året på barnehagelærer utdanning på Høgskulen på Vestlandet Campus Sogndal. No skal vi skrive bachelor oppgåve der vi har valt foreldresamarbeid som tema. Vi ynskjer å gjere ei undersøking for å finne ut kva inntrykk foreldra har av samarbeidet og relasjonen med personalet i barnehagen.

Problemstillinga som vi har tatt utgangspunkt i er;

korleis opplever foreldra møte med personalet i bringe- og hentesituasjonar i barnehagen?

Vi har valt å bruke eit spørjeskjema der vi ynskjer svar frå dykk på nokre spørsmål, slik at vi kan bruke desse vidare i undersøkinga vår. Dette er eit viktig tema som det òg har vore forska på tidlegare og som vi ynskjer å diskutere vidare med egne data.

Undersøkinga er frivillig og anonym. Svara vil bli makulert når oppgåva er ferdig.

Spørjeskjema vil bli levert i hyllene til barna. Dersom du/de samtykka til å delta i vår undersøking levera du attende spørjeskjema med svar i utlevert konvolutt. Dersom du/de ikkje ynskjer å delta levera du/de spørjeskjema utan svar i utlevert konvolutt. Konvoluttane skal leggest i eigen postkasse i garderoben. Dette for å ikkje synleggjere kven som vel å delta eller ikkje i vår undersøking

Merete Nornes-Nymark er vår rettleiar på oppgåva, og dersom de har fleire spørsmål angående undersøkinga kan de kontakte ho på e-post: Merete.Nornes.Nymark@hvl.no

Frist for innlevering: tysdag 20.desember

På førehand takk 😊

Vennleg helsing Trine Akse og Bodil Håvåg.

Trine.akse@hotmail.com/bmhavag@hotmail.com

Vedlegg 2: Spørjeskjema

Spørjeskjemaet har både boksar for konkrete svar og meir opne spørsmål. Set kryss på svaret som høver best for deg utifrå di erfaring dei siste månadane, dersom det er konkrete svaralternativ. Og på oppfølgingsspørsmåla skriv du dine meiningar og forslag med eigne ord, på oppmerka felt.

Kjønn (set kryss)

Mann	Kvinne
<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

Anna:

Kommunikasjon

Eg/vi opplever ein positiv kommunikasjon/samtale med personalet når eg/vi levera barnet om morgonen? Set kryss på svaret som høver best for deg

Alltid	Oftast	Av og til	Skjeldan	Aldri
<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

Dersom du har svart alltid eller oftast, kva meina du/de er bra i kommunikasjonen (skriv utfyllande svar):

.....
.....
.....
.....

Dersom du har svart av og til, skjeldan eller aldri. Nemn nokre punkt du tenkjer hadde vore viktig for at du/de skulle oppleve ein meir positiv kommunikasjon når du/de levera barnet om morgonen:

.....
.....
.....

.....
.....

Eg/vi opplever ein positiv kommunikasjon/samtale med personalet når eg/vi hentar barnet om ettermiddagen?

Alltid	Oftast	Av og til	Skjeldan	Aldri

Dersom du har svart alltid eller oftast, kva meina du/de er bra i kommunikasjonen (skriv utfyllande svar):

.....
.....
.....
.....

Dersom du har svart av og til, skjeldan eller aldri. Nemn nokre punkt du tenkjer hadde vore viktig for at du/de skulle oppleve ein meir positiv kommunikasjon når du/de levera barnet om ettermiddagen:

.....
.....
.....
.....
.....

Relasjon

Eg/vi opplever at eg/vi har ein god relasjon til personalet på avdelinga til barnet vårt?

Alltid	Oftast	Av og til	Skjeldan	Aldri

Kan du grunngje svaret:

.....

.....

.....

.....

Føler du/de at det er forskjell på kven som møter deg og barnet med tanke på ulik kompetanse?

Ja	Nei	Både og

Grunngje svaret:

.....

.....

.....

.....

Informasjon

Eg/vi opplever å få den informasjonen vi treng når eg/vi levera om morgonen?

Alltid	Oftast	Av og til	Skjeldan	Aldri

Dersom du/de har svart av og til, skjeldan eller aldri. Kva tenkjer du/de skulle vore gjort på ein annan måte? Kva ville vore viktig for deg/dykk?

.....
.....
.....
.....

Eg/vi opplever å få gitt nødvendig informasjon når vi levera om morgonen?

Alltid	Oftast	Av og til	Skjeldan	Aldri

Dersom du har svart av og til, skjeldan eller aldri. Kva tenkjer du/de skulle vore gjort på ein anna måte? Kva ville vore viktig for deg/dykk?

.....
.....
.....
.....
.....

Eg/vi opplever å få den informasjonen vi treng når eg/vi hentar om ettermiddagen?

Alltid	Oftast	Av og til	Skjeldan	Aldri

Dersom du har svart av og til, skjeldan eller aldri. Nemn nokre punkt du tenkjer hadde vore viktig for at du/de skulle oppleve ein meir positiv kommunikasjon når du/de henta barnet om ettermiddagen:

.....
.....

.....
.....
.....

Korleis likar de å få informasjon frå barnet sin dagn i barnehagen, av personalet eller via
Visma/Vigilo? (Skriv utfyllande svar).

.....
.....
.....
.....
.....